



Referat frå kommunemøte torsdag 17. desember

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, Helse Fonna, Helse Bergen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stade: Austevoll kommune, Fedje kommune, Gulen kommune, Hyllestad kommune, Kinn kommune, Stord kommune, Vaksdal kommune og Årdal kommune

1. Møte og rapportering i jula

Møte

Det vert i utgangspunktet ikkje gjennomført kommunemøte i veke 52 og 53. Neste ordinære telefonmøte med kommunane er torsdag 7. januar kl. 13.30. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 13.20. Hugs å skrive namn på kommune/organisasjon i kommentarfeltet.

Rapportering

Det er ikkje krav om innsending av fast vekerapportering i veke 52 og 53. Første vanlege rapportering er veke 1 i 2021.

Vi ber om at de sender inn rapport til fmlberedskap@fylkesmannen.no viss det veke 52 og 53 skulle oppstå mangelsituasjonar (avviksrapportering).

Minner elles om at vakttelefonen til Fylkesmannen vil vere betjent heile jula på tlf. 916 99 098.

2. Kriminalitet mot utsette grupper

Politidirektoratet (POD) deltok på møtet som fylkesmennene hadde med Helsedirektoratet og DSB i går. Dei har delteke på fleire av desse møta tidlegare, og m.a. sagt at dei er urolege for korleis pandemien kan auke problemet med straffbare handlingar mot utsette grupper. I går sa POD at det no ikkje lengre er snakk om mogleg auke av slik kriminalitet, men at dei har kunnskap nok til å kunne vere sikre på at pandemien allereie har slike konsekvensar.

Det handlar om at (den delvise) nedstenginga gjer at t.d. barn og unge som lever i familiær prega av vald og overgrep, eller vaksne som lever i parforhold prega av vald, i endå mindre grad vert sett, både av "systemet" og av naboor og lokalsamfunnet elles.

POD ønskjer å bidra til ei betre forståing av desse uheldige konsekvensane, for å få kommunane og andre som yter tenester til utsette grupper og personar til å vurdere om det er mogleg å gjere grep for unngå meir stenging av tenester enn det som er heilt naudsynt. Det er ikkje minst aktuelt no når vi går inn i jule- og nyttårshelga, der skular, barnehagar og fritidstilbod ikkje er tilgjengelege.

Det kan òg handle om å formulere ein bodskap som oppmodar folk om å vere gode naboor, med ein vilje til å sjå dei i nærmiljøet som ikkje har det godt, og eventuelt melde frå når ein oppdagar slikt.



3. Smittestopp-app

FHI informerer om at dei snart vil lansere ei ny smittestopp-app. Dei vil lage ein eigen informasjonskampanje knytt til lanseringa av den nye appen.

4. Kurs

DSB informerer om at deira kurs i samfunnstryggleik og beredskap for våren 2021 er publisert og opne for påmelding. Meir informasjon om kursa finn de her: <https://www.dsbo.no/kurs-og-konferanser/>

Helsedirektoratet publiserte 15. desember eit nytt e-læringskurs i smittesporingsarbeid, med tilhøyrande kursprøve. Meir informasjon om dette finn de her:

<https://medium.com/helseaktuelt/n%C3%A5-f%C3%A5r-smittesporerne-nasjonal-oppl%C3%A6ring-2f1dc961f727>

5. Tilsynsaktivitet knytt til smitte og ønskje om varsling av risikoutsette verksemder v/Arbeidstilsynet, Torgeir Moholt, avdelingsdirektør i avdeling for arbeidslivskriminalitet

Arbeidstilsynet har fått dette oppdraget av Arbeids- og sosialdepartementet 16.11.20:

- Arbeidstilsynet skal prioritere kontroll av korleis arbeidsgjever varetek smittevernet til arbeidstakarane i dei tilsyn som vert gjennomført
- Arbeidstilsynet skal auke kontrollen av arbeidsgivars ivaretaking av smittevern innanfor bransjar og yrkesgrupper kor smitte er ein særleg risikofaktor
- Vidareutvikle samarbeidet med smittevernstyresmaktenes maktenes

Arbeidstilsynet opplevde raskt at det var manglar i kunnskapsgrunnlaget for å kunne avdekke særleg risikoutsette verksemder, og få inn relevant informasjonsgrunnlag for slike tilsyn. Dei har forhåpning til at etableringa av eit digitalt system for innreiseregistrering vil kunne gi informasjon om gjestearbeidarar arbeidsgjeverane deira. Det vil kunne vere eit nyttig kunnskapsgrunnlag ved vurdering av moglege tilsynsobjekt.

For å få til ei mest målretta tilsynsverksemd er det viktig å få inn tips frå kommunane, til dømes om bekymringar for manglande smittevern i verksemder. Arbeidstilsynet ber kommunane melde inn slike tips i tipsportalen. Kommunane kan ikkje kan vente å få direkte respons på alle tips som vert sendt inn. Viss det vert identifisert tips med stor bekymring vil Arbeidstilsynet følgje opp med den enkelte kommunen. Tipsportalen finn de her: www.arbeidstilsynet.no/kontakt-oss/tips/

Arbeidstilsynet har ein strengare restriksjonsbruk enn vanleg sidan det har stor betydning at tiltaka vert sett i verk raskt. Dei har kortare tidsfristar om å varsle og vedta pålegg, innføre tvangsmult og stans av verksemder. Dei opplever at dette har god effekt og at tiltaka vert raskt gjennomført.

Det er eit tett samarbeid mellom Arbeidstilsynet og Helsedirektoratet for å få ut god og målretta informasjon. Det vert no arbeidt med å få ut god informasjon til gjestearbeidarar som skal heim på juleferie og tilsvarande informasjon når dei kjem tilbake igjen til Noreg, for å sikre at dei har god innsikt i gjeldande regelverk.



6. Innreisekarantenehotell

Det er to innreisekarantene hotell i drift i Vestland, begge i Bergen. Bergen kommune gjer ein flott jobb med å administrere denne ordninga. Ei av utfordringane som Bergen og dei andre kommunane med innreisekarantenehotell har, er at regelverket har endra seg fleire gonger, og gjerne på svært kort varsel.

Søndag 13. desember vart reglane i covid-19 forskrifta om innreisekarantenehotell igjen endra. Hovudregelen er framleis at det skal vere ti dagars innreisekarantene for folk som kjem til landet frå rauda område, og dei reisande pliktar å gjennomføre den på innreisekarantenehotell.

Det er likevel nokre unntak frå hovudregelen. Det gjeld m.a. for dei som har fast bustad i landet, der dei kan opphalde seg. Etter dei siste endringane er no leige likestilt med eige i så måte. Eit kanskje endå viktigare nytt unntak er for dei som kan dokumentere at dei har fått stilt ein stad å bu til disposisjon. For å kunne reknast som «eigna oppholdsstad» til å gjennomføre karantene på, må den tilfredsstille kravet om å unngå nærbesøk med andre, dvs. einerom, eige bad, og eige kjøken (eller matservering).

For meir informasjon om dette sjå her: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/endringer-i-reglene-om-karantenehotell/id2791509/>

Høve til dispensasjon frå innreisekarantene av særleg velferdsgrunnar

Samstundes er det i § 6 j i forskrifta opna for høve til å gi dispensasjon frå innreisekarantene, for å besøke nærbesøkende som er alvorleg sjuk, eller for å delta i bisetting/gravferd til nærbesøkende. Det er kommunelegen i kommunen der besøket skal gjennomførast, som kan gi dispensasjonen.

Helsedirektoratet understreka i møtet i går at det skal leggast til grunn ei streng tolking. Unntak er først aktuelt når det er nødvendig for å kunne besøke nærbesøkende på dødsleiet. Karanteneunntaket gjeld berre i samband med det føremålet det er gitt dispensasjon for, og ein skal så langt som mogleg unngå nærbesøk med andre som ein ikkje bur saman med. Unntaket opphører viss den besøkande utviklar akutt luftvegsinfeksjon.

Helsedirektoratet har utarbeidd rettleiing knytt til unntaket. Denne finn de her:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/testing-isolasjon-smittesporing-og-karantene/karantene/Kommunelegen-kan-gi-dispensasjon-fra-innreisekarantene-til-personer-som-skal-besoke-alvorlig-syke-doende-eller-delta-i-bisettelse-begravelse#null-praktisk>

7. System for risikovurdering

Som informert om på eit tidlegare kommunemøte, vert det no innført eit nytt system for risikovurdering på fylkesnivå. Dette inneberer at FHI annakvar veke vil lage ein situasjonsrapport for den overordna smittesituasjonen i kvart enkelt fylke. Den vil skildre ulike kvalitative indikatorar som kan nyttast til å plassere fylket i fem ulike risikonivå. Rapporten vil, saman med anna relevant informasjon, gi fylka høve til å sjå smittesituasjonen i heile eller deler av fylket under eit, og bidra til samordning mellom kommunar eller bu- og arbeidsmarknadar.

Til dei fem ulike risikonivåa er det utarbeidd ulike tiltakspakkar. Som lokal smittevernstyresmakt må kommunane vurdere kva tiltak som er aktuelle, ut frå situasjonen. Tiltakspakkane vil bli gjort tilgjengeleg i "Håndbok for oppdatering, vurdering og håndtering av covid-19 utbrudd i kommunen". De finn denne her: <https://www.fhi.no/nettpub/overvaking-vurdering-og-handtering-av-covid-19-epidemien-i-kommunen/>



Fylkesmannen vil i dialog med aktuelle kommunar gjere vurderingar om behov for samordning av tiltak mellom kommunar, som til dømes i bu- og arbeidsregionar (slik det vart gjort i Bergensområdet i november).

Fylkesvurderinga for veke 49 og 50 finn de her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>

Rundskrivet om kommunale smitteverntiltak

Rundskrivet frå Helse- og omsorgsdepartementet, vart oppdatert 17. desember. Det omtalar mellom anna det nye systemet for å vurdere smittesituasjonen. Føremålet med rundskrivet er å gje kommunane rettleiing om lokale smitteverntiltak som kan vere nødvendige ved lokale utbrot.

Rundskrivet kan de lese her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-i-72020-om-kommunale-smitteverntiltak-som-forbyr-eller-begrenser-sosial-omgang/id2769937/>

8. Vaksinasjon mot covid-19

På tysdag gjennomførte vi eit “vaksinasjonsmøte” med kommunane. Preben Aavitsland frå FHI deltok og svarte ut mange spørsmål. Vi sendte ut referat frå møtet i går. For å sikre at alle som kan ha nytte av informasjonen, legg vi det ved referatet frå dette møtet.

Kommunane sine planar og oppdrag til Fylkesmannen

Ferdig plan for vaksinasjon mot covid-19Som skal senast til Fylkesmannen før kl. 12.00 fredag 18. desember. Fylkesmannen har fått i oppdrag frå HOD og KMD å følgje opp planane til kommunane. Konkret skal vi gå igjennom alle planane før 23. desember. Vi skal hjelpe kommunar som treng det, slik at alle kommunane i Vestland er tilstrekkeleg budd til å starte vaksineringa når vaksinane kjem. Det betyr at det kan hende at vi tek kontakt med dykk i denne perioden for å få avklaringar knytt til planverket. Vi vil då kontakte kommuneoverlege.

Det er stram styring frå staten, det vil seie frå Regjeringa. Vi vert detaljert fortalt kva vi skal gjere og passe på at kommunane gjer. Kommunen og kommuneoverlegen får difor direkte meldingar om forventningar. Tida er svært knapp og vi må få til ein logistikk som gjer at systemet fungerer, slik at vi får brukt alle vaksinane. Dette er på mange måtar ein unntakstilstand.

Skjerming av planar for vaksinasjon

Vi har gjort ei vurderinga av informasjonen som går fram av vaksinasjonsplanane og bestemt oss for å merke alle u.off. jamfør offentleglova § 15.

Informasjonen som ligg i planar gjer at kommunane òg bør vurdere kven som skal ha kva opplysningar, og om heile eller deler planen difor bør merkast «u.off».

Oppstart av vaksinering

Planen er å starte vaksinering mot Covid-19 i januar, men det er framleis mykje som er usikkert. Det er difor viktig at kommunane er klare til å starte vaksinering heilt i starten av januar. Det har denne veka vore skrive litt om at det vil kunne kome vaksinedosar til Noreg allereie i jula, og at ein vil kunne starte vaksinering då. FHI sa i møtet med fylkesmennene i går at det i så fall vil berre vere snakk om eit svært avgrensa tal vaksinar, og at desse truleg kjem til å verte nytta i eit par kommunar i Oslo-området. FHI vil ta direkte kontakt med dei kommunane dette gjeld.



Som informert om på møtet på tysdag, vil kommunane få beskjed minst 5 dagar før dei skal ta i mot leveranse av vaksinar, slik at det er mogleg å få på plass eit naudsynt system før vaksinane kjem.

Biverknadar

Det kom spørsmål om biverknadar frå vaksinen. Fylkesmannen viser til FHI sitt webinar om vaksinen og innlegget til Geir Bukholm, der dette vert omtalt. Det er ikkje observert andre enn generelle biverknadar frå vaksinen. Personar over 65 år får mildare biverknadar. FHI kan samstundes ikkje garantere for at det ikkje kan førekome meir alvorlege biverknadar.

Optak frå webinaret finn de her: <https://www.fhi.no/om/kurs-og-konferanser---oversikt/webinar-om-vaksinasjon-for-kommuner/>

De finn òg informasjon om koronavaksine og allergiberedskap i vaksinasjonsrettleiaren.

Lenke til rettleiaren: <https://www.fhi.no/nettpub/vaksinasjonsveilederen-for-helsepersonell/vaksiner-mot-de-enkelte-sykdommene/koronavaksine/>

Lenke til kapittel om allergiberedskap i rettleiaren: <https://www.fhi.no/nettpub/vaksinasjonsveilederen-for-helsepersonell/vaksinasjon/praktisk-vaksinasjon/?term=&h=1#allergiberedskap>

Informasjon til befolkninga

I møtet vart det etterlyst informasjon om vaksinen, som kan nyttast ut til befolkninga. Som Preben Aavidtsland informerte om på møtet på tysdag, legg FHI fortløpende ut informasjon på sin nettstad. Den kan nyttast i kommunane sitt informasjonsarbeid.

Denne informasjonen finn de her:

<https://www.fhi.no/sv/vaksine/koronavaksinasjonsprogrammet/informasjonsmateriell-til-kommuner/#egenerklaeringsskjema>

Meir om informasjonstiltak knytt til koronavaksinasjonsprogrammet finn de òg i Informasjonsbrev nr. 7 frå FHI: <https://www.fhi.no/publ/brev/informasjonsbrev-nr.-7---om-kommunikasjonstiltak-i-koronavaksinasjonsprogra/>

Samtykkekompetanse

For personar som ikkje har samtykkekompetanse, kan de nytte same framgangsmåtar som ved influensavaksine.

9. Influensavaksinasjon

Helsedirektoratet informerte i går om at det er tvilsamt at det vil kome inn meir sesonginfluensavaksine til Noreg. Samstundes informerte FHI at dei i liten grad har registrert sesonginfluenta i Noreg så langt, og at difor håper at ein kan unngå eit større utbrot i år.

HOD har bedt Helsedirektoratet om å kartleggje ubrukte influensavaksinar i kommunane. Vi ber difor om at dei av kommunane som har ubrukte sesonginfluensavaksinar som de ikkje treng, å melde frå om det til fmvlberedskap@fylkesmannen.no, slik at desse kan omdistributerast til kommunar med behov.



10. Testing

Testaktiviteten i Noreg held seg stabil og det er kapasitet i heile landet.

Helsedirektoratet arbeider med å ferdigstille forslag til ny teststrategi som vil sendast til HOD på fredag. Hurtigtestar vi ha ei rolle i denne strategien.

Bruk av hurtigtestar er i ferd med å ta seg opp. Helsedirektoratet har fått beskjed om at ikkje alle kommunar fekk utlevert hurtigtestar som planlagt førre veke, og vil følgje opp dette. Fleire fylke melder om at det er kommunar som ønskjer tilgang til fleire hurtigtestar enn dei har fått tildelt. Direktoratet ser på korleis dei skal gjennomføre dette, og vurderer om det skal leggjast fleire vurderingskriterier enn innbyggjartal til grunn for fordelinga.

Sjukehusa har jobba aktivt med å nå målet om å få opp analysekapasiteten til 5 %. Det er tidvis krevjande å få inn ulike komponentar til dette, fordi det er ein mangelsituasjon i den internasjonale marknaden.

11. Smittevernustyr

Denne veka vil det bli delt ut ein del ulikt utstyr til kommunane frå innkommande leveransar og det nasjonale beredskapslageret. Utleveringa frå beredskapslageret skjer på bakgrunn av innmeldt behov i Altinn. Dette vert siste leveransen i 2020. Neste og siste normale utlevering vert veke 1 i 2021.

Helsedirektoratet understrekar at det er viktig at kommunane held fram med å rapporter i Altinn, slik at dei har oversikt over status på smittevernustyr i kommunane, og kan setje i verk tiltak ved behov.

12. Oppdaterte råd til helse- og omsorgsinstitusjonar om besøk i julehøgtida

Jule- og nyttårsfeiringa står for døra, og mange som tek imot helse- og omsorgstenester vil denne tida få besøk eller ha ønskje å dra heim til pårørande, vene og familie.

Samtidig har bebuarar og pasientar i helse- og omsorgsinstitusjonar og samlokaliserte omsorgsbustader ofte ein høg risiko for å bli sjuke av covid-19. Helse- og omsorgsinstitusjonar og omsorgsbustader må legge til rette for at bebuarar og pasientar kan få besøk, eller dra på besøk, i tråd med nasjonale [tilrådingar om private samankomter](#). Smittevernomsyn må samtidig takast vare på. Einsemd er eit problem for mange av dei som bur i institusjonar. Sjølv om det er vanskelege balanser, må dei få ha kontakt med sine nærmaste.

Helsedirektoratet og FHI har oppdatert dei nasjonale råda og tilrådin9ngane om besøk i helse- og omsorgsinstitusjonar, samlokaliserte omsorgsbustader og liknande.

For meir informasjon sjå: <https://www.fylkesmannen.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/helsetenester/rad-til-julebesok-i-helse--og-omsorgsinstitusjonar/>

13. Karantene for pasientar i sjukeheim

Ein pasient på sjukeheim skal, som andre, vere i karantene viss ho/han har vore nærbuktakt til ein person som er smitta (jf. Covid-19-forskrifta § 4).



Kommunen/sjukeheimen kan oppmode om frivillig karantene, men **ikkje påleggje** karantene, utan å gjøre vedtak etter smittevernlova § 1-5. Før vedtak skal forholdsmessigheit vurderast. Det skal som hovudregel mykje til for å gjøre vedtak etter smittevernlova.

Tillegg til referatet: Forsterka psykosial beredskap rundt jul og nyttår

Fylkesmannen tilrår at kommunane har lett tilgjengeleg på sine heimesider informasjon om offentlege hjelpe-, behandlings- og støttetilbod, og tilbod frå ideelle og frivillige organisasjonar.

For meir informasjon sjå artikkel på nettstaden til Fylkesmannen:

<https://www.fylkesmannen.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/helsetenester/forsterka-psykososial-beredskap-rundt-jul-og-nyttar/>